

ÅRSRAPPORT 2021

Regional vurderingseining for rehabilitering (Vurderingseininga) Om arbeidsflyt/aktivitet, pasientflyt og ventetid for vurdering av ny tilvising

Organisering, oppgaver og rapportering

Føringar om organisering, oppgåver og rapporteringsordning ved Vurderingseininga er nedfelt i mandat frå Helse Vest RHF (2010).

Vurderingseininga er ein funksjon ved Regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering, som er organisert som eigen eining ved ReHabiliteringsklinikken i Helse Bergen. Vurderingseininga har to rådgjevarar og ein helsesekretær som handsamer alle tilvisingar. Den medisinsk-faglege vurderinga blei gjennomført av legespesialistar (til saman eit årsverk) frå Avdeling for fysikalsk medisin og rehabilitering i Helse Bergen under leing av overlege Hanne Langseth Næss. Leiar ved kompetansesenteret er leiar for Vurderingseininga. Helsesekretær har handsama data frå DIPS til denne rapporten.

Vurderingseininga handsamar og vurderer tilvisingar til private somatiske rehabiliteringsinstitusjonar, frå fastlegar, avtalespesialistar og andre tilvisarar utanfor sjukehus. Dei fleste tilvisingane ved Vurderingseininga gjeld pasientar busett i Helseregion Vest.

For meir informasjon om Vurderingseininga, sjå: <https://helse-bergen.no/regionalt-kompetansesenter-for-habilitering-og-rehabilitering/regional-vurderingseining-for-rehabilitering>

1. ARBEIDSFLYT/AKTIVITET

Nye tilvisingar i 2021

Vurderingseininga tok imot til saman 4282 nye tilvisingar. Av desse var 272 tilvisingar feilsendt til eininga. 145 av dei feilsendte tilvisingane omhandla pasientar med sjukeleg overvekt. Desse blei vidaresendt til poliklinikkar i helseføretaka. Reelle nye tilvisingar til Vurderingseininga var dermed 4010.

Tabell 1 Nye tilvisingar fordelt på føretaksområde som tilvisingane kom ifrå

Nye tilvisingar N=4010	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Andre *
Tal 4010	914	838	1873	338	47
Prosent	22,8	20,9	46,7	8,4	1,2

*Busett utanfor Helseregion Vest

Tabell 2 Fordeling av nye tilvisingar mellom kommunane i dei fire føretaksområda

Helse Stavanger	Tal	Helse Fonna	Tal	Helse Bergen	Tal	Helse Førde	Tal
Bjerkreim	5	Bokn	4	Alver	148	Askvoll	21
Eigersund	34	Bømlø	56	Askøy	142	Aurland	1
Gjesdal	30	Eidfjord	2	Austevoll	21	Bremanger	13
Hjelmeland	6	Etne	17	Austrheim	15	Fjaler	7
Hå	59	Fitjar	9	Bergen	1052	Gloppen	11
Klepp	50	Haugesund	188	Bjørnafjorden	130	Gulen	15
Kvitsøy	0	Karmøy	196	Fedje	1	Hyllestad	6
Lund	13	Kvinnherad	74	Kvam	35	Høyanger	9
Randaberg	28	Sauda	23	Masfjorden	12	Kinn	77
Sandnes	171	Stord	74	Modalen	0	Luster	9
Sokndal	12	Suldal	21	Osterøy	31	Lærdal	5
Sola	60	Sveio	43	Samnanger	15	Sunnfjord	74
Stavanger	336	Tysnes	14	Ulvik	2	Stad	30
Strand	48	Tysvær	40	Vaksdal	13	Sogndal	24
Time	62	Ullensvang	49	Voss	79	Solund	0
		Utsira	2	Øygarden	177	Stryn	13
		Vindafjord	26			Vik	13
						Årdal	10
SUM	914		838		1873		338

Hovuddiagnosar

Tabell 3 viser hovuddiagnosar for tilviste pasientar inndelt i samsvar med helsenorge.no og fordelt på føretaksområde som tilvisinga kom ifrå.

Tabell 3 Hovuddiagnosar for nye tilvisingar, fordelt på føretaksområde som tilvisinga kom ifrå

Hovuddiagnose N=4010	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Andre*	SUM
Amputasjoner overekstremiteter		1				1
Amputasjoner underekstremiteter	1		4	1		6
Brudd, ortopedi og slitasjetilstander i skjelett	18	50	76	7	3	154
CFS/ME	40	30	47	10	2	129
CFS/ME, barn og ungdom			1			1
Hjerneslag og ervervede hjerneskader	18	21	76	27		142
Hjertesykdommer	46	33	106	11	3	199
Intensiv habilitering barn og unge	1				2	3
Kreft	52	30	91	21	2	196
Langvarig muskel- og bløtdelsmerte	284	392	735	138	15	1564
Lungesykdommer, rehabilitering	60	30	79	12	4	185
Med arbeid som mål	252	88	290	47	10	687
Nevrologiske og nevromuskulære sykdommer, barn og ungdom u/18 år	1					1
Nevrologiske og nevromuskulære sykdommer, CP	6	1	11	6		24
Nevrologiske og nevromuskulære sykdommer, epilepsi	1	1				2
Nevrologiske og nevromuskulære sykdommer, MS	19	4	20	3		46
Nevrologiske og nevromuskulære sykdommer, Parkinson	4	11	37	5		57
Nevrologiske og nevromuskulære sykdommer, Polyomyelitt			6			6
Nevrologiske og nevromuskulære sykdommer, Polyneuropati	4	2	13	1	1	21
Nevrologiske og nevromuskulære sykdommer, spastisitet	1					1
Nevrologiske og nevromuskulære sykdommer, spinalskader		1	1	1		3
Nevrologiske og nevromuskulære sykdommer,	23	26	66	15	2	132
Revmatologisk sykdom (inflammatoriske)	28	39	32	3		102
Sammensatte og/eller komplekse lidelser	10	10	49	10		79

Sanseforstyrrelser	10	3	14	4	2	33
Sanseforstyrrelser, Mb Meniere	1	1	2			4
Sanseforstyrrelser, Tinnitus	7	29	13	1	1	51
Somatiske lidelser i komb med hørselsh/syns-og hørselstap		1				1
Tilpasset fysisk aktivitet familie og utdanning, diagnoseuavhengig, barn/ungdom u/ 18 år	11	16	30	6		63
Tilpasset fysisk aktivitet familie og utdanning, diagnoseuavhengig, unge voksne 18-30 år	3	1	11	2		17
Open	13	17	63	7		100
SUM	914	838	1873	338	47	4010

*Pasientar busett utanfor Helseregion Vest pr. 31.12.21

Tabell 4 Status etter første vurdering av nye tilvisingar

N=4010	Rett til nødvendig helsehjelp	Avslag	Vurdering ikkje starta i 2021
Tal 3426	2655	1349	6
Prosent	66,2	33,6	0,2

Vanlegaste årsaker til avslag på tilvisingar ved Vurderingseininga

Tabell 5 viser dei seks vanlegaste årsakene til at tilvisingar fekk avslag etter første vurdering

Tabell 5

Årsak til avslag	Tal
Pasienten bør ivareta kast av førstelinetenesta	846
Pasienten har hatt gjentekne opphald utan vesentlege nye aspektar	247
Utfyllande opplysningar manglar	79
Pasienten er allereie behandla	52
Hovudproblemstilling i tilvisinga er psykiatri	39
Pasient tilvist av fastlege for framtidig postoperativt opphald	23

Ankar/klager på avgjersle

Vurderingseininga handsamar to typar ankar, anke på avslag og anke på frist helsehjelp. Ved anke blir ny vurdering av tilvisinga gjennomført av annan lege enn den som gjorde første vurdering. Dersom Vurderingseininga held fast på opphavleg avgjersle, blir tilvisinga med anke vidaresendt til Statsforvaltaren i Vestland.

Tabell 6 Ankar som vart motteken og handsama i 2021

Ankar N=183	Anke på avslag	Anke på frist
Tal	183	0
Prosent	100	0

Tabell 7 Resultat av ankehandsaming ved Vurderingseininga

Ankar N=183	Anke på avslag	Anke på frist
Oppretthaldt avgjersle	71	0
Gitt medhald i anke	110	0
Vurdering ikkje starta i 2020	2	0
SUM	183	0

Tabell 8 Ankar til Statsforvaltaren i Vestland

Ankar N=69	Anke på avslag	Anke på frist
Tal	69	0
Prosent	100	0

Tabell 9 Resultat av ankehandsaming hos Statsforvaltaren i Vestland

Ankar N=69	Anke på avslag	Anke på frist
Oppretthaldt avgjersle	67	0
Ikkje medhald i avgjersle	2	0
SUM	69	0

Retur av tilvisingar frå rehabiliteringsinstitusjonane til Vurderingseininga

48 tilvisingar kom i retur frå rehabiliteringsinstitusjonane til Vurderingseininga etter at tilvisingane var ferdigvurdert og vidare sendt til institusjon. 17 av desse blei sendt til annan institusjon, mens 5 av dei tilviste pasientane fekk tilbod på opphavleg institusjon. Ved 25 tilvisingar kom det til nye opplysningar som førte til avslag. Ein tilvisingar var ikkje ferdig handsama ved årets slutt.

2. PASIENTFLYT

Pasientflyt i Helseregion Vest

Tabell 10 viser kor mange ferdigvurderte tilvisingar (nye i 2021 + ankar på avslag som fekk medhald i 2021) som blei vidaresendt til privat rehabiliteringsinstitusjon som hadde avtale med Helse Vest RHF, fordelt på føretaksområde som tilvisinga kom ifrå.

Tabell 10

N=2348	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Andre*	SUM
LHL-klinikkene Bergen		13	62	8		83
LHL-klinikkene Nærland	115	33	23	2	1	174
Ravneberghaugen Rehabiliteringssenter	63	62	213	17	2	357
Rehabilitering Vest A/S	79	189	23	3	2	296
Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter	81	114	476	147	12	830
Åstveit Helsesenter	43	72	309	22	3	449
Oppfølgingsenheten Frisk	152				3	155
PTØ-Stavanger	1			1		2
Barnas Fysio-terapisenter og Turbo	1				1	2
SUM	535	483	1106	200	24	2348

*Pasientar busett utanfor Helseregion Vest pr. 31.12.21

Pasientflyt ut av Helseregion Vest

Tabell 11 viser kor mange ferdigvurderte tilvisingar (nye i 2021 + ankar på avslag som fekk medhald i 2021) som blei vidaresendt til privat rehabiliteringsinstitusjon utanfor Helseregion Vest, fordelt på føretaksområde som tilvisinga kom ifrå.

Tabell 11

N=417	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Andre*	SUM
Beitostølen Helsesportsenter	10	17	42	5		74
HLF Briskeby Skole og Kompetansesenter		1	2			3
Kastvollen Rehabiliteringssenter	1					1
LHL-Sykehuset Gardermoen	9	9	20	6	2	46
MS-Senter Hakadal	10		3	1		14
Muritunet Senter for Mestring og Rehabilitering		2	4	6		12
NKS-Helsehus Akershus	1	1	1			3
Nordtun Helse rehab	1					1

Opptreningscenteret Finnmark			1			1
PTØ-Senteret Gardermoen			1			1
Rehabiliteringssenteret AIR	13	18	10	1	1	43
Ringens Rehabiliteringssenter	1	1	3	1		6
Røysumtunet	1	1	1			3
Signo Conrad Svensen Senter	1	1				2
Skogli Helse- og Rehabiliteringssenter	9	6	16	4	1	36
Stiftelsen Cato Senteret	8	1	8	3		20
Sørlandets Rehabiliteringssenter, Eiken	36	11	2		2	51
Unicare Bakke	1					1
Unicare Fram	1	1	2	1		5
Unicare Helsefort		1	1			2
Unicare Hokksund	1		4			5
Unicare Jeløy AS	1					1
Unicare Landaasen	13	25	16	2	1	57
Unicare Røros			1	1	1	3
Unicare Steffensrud Rehabilitering	2	2	3	1		8
Valnesfjord Helseportssenter	2	1				3
Vigør Rehabiliteringssykehus		1				1
Vikersund Kurbad	5		7		1	13
SUM	127	100	148	32	10	417

*Pasientar busett utanfor Helseregion Vest pr. 31.12.21

Som det går frem av tabell 11, var Beitostølen Helseportssenter og Unicare Landaasen dei mest brukte institusjonane utanfor Helseregion Vest. Tabell 12a visar hovuddiagnosar og alder hos pasientane som fekk tilbod ved Beitostølen. Tabell 12b visar hovuddiagnosar og alder hos pasientane som fekk tilbod ved Unicare Landaasen.

Tabell 12a

Beitostølen Helseportssenter N=74	0-17	18-30	31-73	SUM
Nevrologisk og nevromuskulær sykdom	1	1	18	20
Tilp fysisk akt, fam og utdanning, diagnoseuavhengig barn/ungdom u 18 år	40			40
Tilp fysisk akt, fam og utdanning, diagnoseuavhengig unge voksne 18-30 år		11		11
Helseport/Utprøving av hjelpemiddel			3	3
SUM	41	12	21	74

Tabell 12b

Unicare Landaasen N=57	18-30	31-60	SUM
Kreft		1	1
Langvarig muskel og bløtdelssmerte		2	2
Sanseforstyrrelser Mb Meniere/Tinnitus	1	53	54
SUM	1	56	57

Institusjonsønske som var oppgitt i tilvisinga

Tabell 13 viser kor pasientar, som ved første vurdering fekk *rett* til rehabilitering, hadde oppgitt at dei ønskte å få tilbod.

Tabell 13

Institusjon	Tal
Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter	717
Institusjonsønske ikkje oppgitt	667
Institusjon utanfor Helse Vest	338
Rehabilitering Vest AS	297
LHL-klinikkene Nærland	132
Ravneberghaugen Rehabiliteringssenter	164
Åstveit Helsesenter	131
Oppfølgingsenheten Frisk	140
LHL-klinikkene Bergen	65
PTØ Senteret Stavanger	2
Barnas Fysioterapisenter	2
SUM	2655

Om val av behandlingsstad

Av dei 417 pasientane som fekk tilbod om rehabilitering utanfor Helse Vest (tabell 11), var det 37 pasientar som hadde oppgitt ønske om plass ved institusjon i Helse Vest. I tillegg var det 45 pasientar som ikkje hadde oppgitt institusjonsønske i tilvisinga. Desse til saman 82 pasientane fekk tilbod om rehabilitering utanfor Helse Vest som følgje av lange ventetider i eigen region.

Vurderingseininga tok imot melding om at 131 pasientar ønska å nytte ordninga om val av behandlingsstad *etter* at tilvisinga deira var vurdert og dei hadde fått tilbod om rehabilitering på institusjon i Helse Vest. Av desse ønskte 105 pasientar tilbod på ein annan institusjon i regionen, mens 26 pasientar ønskte ein institusjon utanfor Helse Vest.

Tilbod om reopphald

Totalt 23 pasientar fekk tilbod om reopphald innanfor avtalen som blei etablert for institusjonane i Helseregion Vest frå 2012. Tabell 14 viser omfang og bruk av avtalen

Tabell 14

Ravnebergghaugen Rehabiliteringssenter	12
Rehabilitering Vest A/S	7
Oppfølgingsenheten Frisk	3
Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter	1
SUM	23

Pasientar som ikkje tok imot tilbod om rehabilitering

Tabell 15 viser tal og årsak til at pasientar som blei vurdert til å ha behov for rehabilitering i privat rehabiliteringsinstitusjon likevel ikkje tok imot/møtte opp til rehabilitering.

Tabell 15

Pasient avbestilte opphald	300
Møtte ikkje/ingen beskjed	66
Pasienten sjuk på tidspunkt for opphald	7
SUM	373

3. VENTETIDER

Ventetid for fullført vurdering av nye tilvisingar

Tabell 16 viser ventetider for fullført vurdering av nye tilvisingar mottatt i 2021. Til saman omhandlar tabellen 4010 tilvisingar.

Tabell 16

Tal dagar	Tal nye tilvisingar ferdigvurderte	
14	3938	
		SUM vurdert innan frist (10 virkedagar) 3938
15	33	
16	18	
17	4	
18	2	
19	8	
20-25	4	
37-42	2	
110	1	
		SUM vurdert etter frist 72

Koronapandemi

Som følge av pandemi og tiltak for smittevern var det noko redusert drift ved dei private rehabiliteringsinstitusjonane. Dette gjaldt særleg dagtilbod. Det var eit etterslep frå 2020 med lange ventetider på opphald i institusjon, som forbetra seg betydeleg utover våren 2021. I løpet av året tok Vurderingseininga imot 45 tilvisingar for rehabilitering etter gjennomgått Covid-19 sykdom. Ved 41 av desse tilvisingane blei pasienten vurdert til å ha rett til nødvendig helsehjelp, og fekk då tilbod om rehabilitering utifrå problemstillinga som var oppgitt i tilvisinga.

Bergen 2. februar 2022
Edith Victoria Lunde
Leiar